



Mykje flott i den nye butikken.

Laurdag førstkommande opnar Elins Matgleder på Nedre Feet ei ny avdeling. Då vert delikatessebutikken i siloen som ligg like ved bakehuset opna. Det er ikkje berre lokalet som er spennande i butikken som truleg vert kalla silobutikken på folkemunne. Innhaldet bør også trekkja nysgjerrige kundar frå langt vidare område enn Kvinnherad.



Fint og godt!

Elin Enes, den idèfulle og dyktige dama bak Elins Matgleder, fortel at ho opnar butikken kl.10 laurdag og vil halda ope til kl.16 denne dagen. Då vert alle ønskt velkommen til å ta ein kikk på alt det smakfulle i mange variantar som er å finna i hyllene i den spesialinnreda og spennande butikken.

Elin fortel også at ho opningsdagen vil ha ei utlodding. Alle kundar skriv namn og telefonnummer på kvitteringa. Dei er då med i trekninga av eit fenalårstativ med transjerset. Verdi 689,-



Det vert trekking av fenalårstativ.

Elin Enes har hatt det svært travelt i forkant av opninga, men ho seier at ho er utruleg heldig som har sjølvaste 'snekker Andersen' i ektemannen Geir. Han har brukt alle kveldar og helger på å oppfylla alle Elin sine sprø idéar. Han får til det utrulegaste av nokre fjøler og litt skruer. Det vert kjekt å sjå både butikk og innhald når den opnar laurdag. Bileta fortel noko om det som møter oss.



Ektemannen Geir Enes har æra for den flotte innreiinga.



Smakfullt!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Elin Enes